



SPRÅKHANDBOK FOR NRK

Ei hjelpe for redaktørane til å handheve språkreglane i NRK

NYNORSK



NRK

INNHOLD

FØREORD

SPRÅKREGLAR I NRK

Kva var nytt i språkreglane?
Utdjuping av retningslinjer og råd

3

SLIK KAN REDAKTØREN FÅ SPRÅKHJELP

Ressurspersonar
Oppslagsverk på nett
Nyttige nettsider

4

5

6

8

8

9

11

SLIK KAN REDAKTØREN ORGANISERE SPRÅKARBEIDET

12

NI TING REDAKTØREN KAN GJERE

13

TI RÅD FOR Å UNNGÅ KJELDESPRÅK

16

KOMMAREGLAR

18

DESSE OPPSLAGSVERKA BØR FINNAST I REDAKSJONEN

19

UTGIVAR

Språkhboka er laga av språkutvalet i NRK på oppdrag frå kringkastingssjef Hans-Tore Bjerkaas.

FØREORD

Språkreglane i NRK har skapt mykje debatt sidan dei blei vedtekne i 2007. Det er bra at folk følgjer med på kva allmennkringkastaren gjer. For språket i NRK er viktig for mange. Språkrådet skriv i den årlege tilstandsrapporten sin at "NRK må rekna som den viktigaste normspreiaren når det gjeld språk". Folk kan vere samde eller usamde i ei slik utsegn, men ho strekar under kor avgjerande det er å drive eit godt språkarbeid i NRK.

Eg meiner at språkrøkt er viktigare no enn nokon gong. Det er særleg to årsaker til det. Den fyrste grunnen er tempoet. Med publisering i fleire medium arbeider mange journalistar under eit langt større tidspress enn før. Språkarbeid med tilhøyrande evaluering og kritikk kan lett tape i prioriteringskampen om tidsbruken i redaksjonane.

Den andre grunnen er faren for byråkratisering av språket. Kjeldene våre er ofte politikarar, byråkratar, rådgivarar og avgjerdstakrar. Felles for mange av desse er eit maktspråk som ofte er kjenneteikna av passive og indirekte formuleringar, meir meinte for å tilsløre enn å opne.

Språkreglane tydeleggjer redaktørane sitt ansvar for å passe på språket i NRK. Redaktøren skal bidra til at kvaliteten på språket er så høg som mogleg, både i skrift og tale. Det er ei krevjande oppgåve. Denne handboka er tenkt å vere ei hjelpe for redaktørane til å handheve språkreglane i NRK. Boka gir kortfatta, konkrete og praktisk gjennomførlege forslag til korleis redaktørane - i samarbeid med språkkontaktane og redaksjonelle leiarar - kan drive språkarbeid.

Handboka byggjer på innspel frå språkkontaktane, språkkonsulentane og redaktørane og er laga av språkutvalet. Boka ligg på Torget med oppdatert informasjon og lenkjer, og vil bli delt ut til bl.a. alle redaktørar, redaksjonssjefar, språkkontaktar og vaksjefar.

Håpet er at handboka blir brukt, og at ho vil vere ei hjelpe i den daglege språkrøkta i redaksjonane.

Eg ønskjer alle lukke til med språkarbeidet i NRK.

Hans-Tore Bjerkaas
Kringkastingssjef
Marienlyst, november 2010

SPRÅKREGLAR I NRK

Dei offisielle språka i NRK er norsk og samisk. NRK skal vere med på å styrke og utvikle desse språka. Minst 25 prosent av innslaga i radio og fjernsyn skal vere på nynorsk.

1. Reglar

1.1 I nyheitssendingar og programinformasjon skal programleiarar og annonsørar bruke offisielt bokmål eller nynorsk. Redaktørane kan gjere unntak dersom det ikkje er i strid med reglane og retningslinjene nedanfor.

1.2 I andre sendingar og i nyheitsinnslag (reportasjar, rapportar, kommentarar, intervju osv.) kan det brukast dialekt, også i riksdekkjande sendingar, dersom det ikkje er i strid med reglane og retningslinjene nedanfor.

1.3 I distriktssendingane bør lokale talemål få godt rom.

1.4 Person- og stadnamn, tal og teikn skal skrivast og uttalast i samsvar med reglar og råd som er godkjende av Språkrådet.

1.5 NRK skal følgje reglane for offisiell rettskriving. Redaktørane kan gjere unntak dersom dette er tenleg av omsyn til særlege sjangerkrav.

2. Retningslinjer

2.1 Språket skal vere tydeleg med naturleg trykklegging og munnleg setningsbygning.

2.2 Medarbeidarane bør vere konsekvente i bruken av ord- og bøyingsformer innanfor det enkelte innslag eller program.

2.3 Det bør ikkje brukast ord eller uttrykk som er lite kjende eller uforståelege for målgruppa.

2.4 Norske ord og uttrykk skal veljast i størst mogleg grad.

2.5 NRK skal spegle mangfaldet i det norske språket, også når det gjeld dialektbruk og uttale som er farga av andre språk.

3. Råd

Godt språk = funksjonelt språk. Språket kan vere emosjonelt, sakleg, usakleg, provoserande, forsonande, korrekt, tøysete osv., men formålet med språkbruken må vere klårt.

Ver særleg merksam på verkemiddel som:

- 3.1 tempo (kor fort ein snakkar, pausar og pust),
- 3.2 frasiering,
- 3.3 setningsmelodi, klang og høgd,
- 3.4 ordval og språkbilete,
- 3.5 struktur og komposisjon,
- 3.6 kroppsspråk og energi,
- 3.7 stil og tone,
- 3.8 personleg og naturleg språk.

Verkemidla skal vere med på å få språkbruken i NRK klår, kritisk og kreativ.

4. Ansvar

Redaktørane har ansvar for at språket i NRK er i samsvar med desse reglane.

Språkreglane vart vedtekne på direktørmeøtet 19. juni 2007.

Kva var nytt i språkreglane?

Reglane tillèt meir bruk av dialekt

Språkreglane slår fast at dialektbruk er ein kvalitet både i nasjonale og lokale sendingar. Nyhendesendingar skal som hovudregel verte avvikla på bokmål eller nynorsk. Redaktørane kan gjere unntak og gi løye til dialekt dersom framföringa til avviklaren/programleiaren er tydeleg, konsekvent og forståeleg (2.1-2.3). I reportasjar og intervju kan journalistane bruke dialekt om retningslinjene vert følgde, også i rikssendingar. Redaktørane kan med andre ord ikkje avvise ein reportasje fordi der vert brukt dialekt, men berre dersom språkbruken er utsøydeleg, inkonsekvent eller vanskeleg å forstå.

Reglane legg vekt på funksjonalitet, ikkje berre at ein skal snakke og skrive korrekt

Funksjonalitet betyr at språkbruken er tilpassa - og varierer med - situasjonen, formatet og kven som er målgruppe. Døme: Språkbruken i P3-nyhenda og Supernytt er annleis enn i Dagsnytt. Retningslinjene (2.1-2.5) og råda (3.1-3.8) i språkreglane gir hjel til å føre tilsyn med at formålet med språkbruken er klårt.

Reglane tydeleggjer redaktørane sitt ansvar for språket

Redaktørane skal bidra til at kvaliteten på språket i NRK er så høg som mogleg, både i skrift og tale. Redaktørane skal stille kvalitetskrav til bruk av dialekt (å snakke i studio er noko anna enn å prate ved kjøkenbordet heime). Det er ingen rett i NRK å få bruke sitt personlege talemål i program. Redaktørane avgjer kven og kva som skal kome på lufta, anten det er på dialekt, bokmål eller nynorsk. Redaktørane skal stimulere medarbeidarane til å bruke det store spennet av verkemiddel i språket, tilpassa samanhanga det vert brukt i (funksjonalitet).

Reglane presiserer regelomgrep

Reglane (1.1-1.5) skal etterlevast. Vi kan kontrollere om vi gjer det, mellom anna ved å slå opp i ei ordbok. Retningslinjene (2.1-2.5) fastset mål/ideal som vi skal arbeide mot. Råda (3.1-3.8) er ei rettleiing/hugsliste om korleis vi kan arbeide for å følgje retningslinjene.

Utdjuping av retningslinjer og råd

2.1

Med "naturleg trykklegging" meiner vi å framheve dei viktigasteorda i ei setning. Vi kan leggje trykket på eit ord ved til dømes å leggje trykk på det, seie det langsamare eller ta ein pause før eller etter ordet. I daglegtale legg dei fleste av oss vekta på dei rette orda og frasane slik at det vi seier, vert tydeleg. Når vi nyttar manuskript, er det derimot vanleg å leggje trykket på for mange ord og på feil ord. Resultatet kan verte nyhende og innslag som er vanskelege å oppfatte.

Vi skriv annleis for radio og fjernsyn enn vi gjer for Internett. Med "munnleg setningsbygning" meiner vi difor setningar som er laga for øyro, ikkje for augo. Nokre kjenneteikn på munnleg setningsbygning er få ord, konkrete ord og måtehald i bruken av adjektiv. Setningar flest bør også vere høgretunge. I høgretunge setningar plasserer vi verbet tidleg i setninga og skyv såkalla tunge ledd mot høgre. Dessutan bør vi ikkje ha for mange innskotne leddsetningar, heller fleire sideordna heilsetningar.

2.2

Med "konsekvente i bruken av ord- og bøyingsformer" meiner vi at det skal vere samsvar mellom bøyingsformene som ein medarbeidar nyttar i ein nettartikel, ein reportasje eller eit program.

Døme: Seier ein programleiar *gutten kasta*, bør han også bruke a-ending i bunden form eintal av hokjønnssubstativ, *elva* og *jenta*, ikkje *elven* og *jenten*.

2.3

Med "ikkje brukast ord eller uttrykk som er lite kjende eller uforståelege for målgruppa" meiner vi at programleiarar/reporterar kan bruke dialektord, men berre slike som er kjende og forståelege for målgruppa. I eit musikkprogram eller eit P3-program må det kunne nyttast spesialord eller slang som ikkje er forståelege for alle

nordmenn, men for dei som høyrer på desse programma. I distriktsendingar bør lokale talemål få godt rom, men samstundes bør dialektbruken vere forståeleg for alle i distriktet, også innflyttarar.

2.4

Med "norske ord og uttrykk skal veljast i størst mogeleg grad" meiner vi at vi skal leite etter dekkjande norske ord for utanlandske seiemåtar, som engelske og svenske lånonord (anglismar og svesismar).

Fatima Holm stilte mange spørsmål under workshopen kan erstattast med *Fatima Holm stilte mange spørsmål under gruppearbeidet*.

Nettordboka *Ordnertt* kan hjelpe med å finne gode, og rette, omsetjingar til norsk. Nettsida, som også ligg på Torget, gir tilgang til tretti ulike ordbøker på sju språk. <http://www.ordnett.no/ordbok.html>

NB! NRK får mange klagar frå lyttarar og sjårar som ikkje forstår bruk av framandspråk som ikkje er omsett eller teksta. Dersom ikkje heile innslaget er teksta eller omsett, bør reporteren alltid gi eit resymé av kva som vert sagt.

3.1-3.3

For å snakke og skrive på ein måte som er tilpassa til situasjon, format og målgruppe (funksjonell språkbruk), kan vi bruke verkemiddel som tempo, frasing og tonehøgd (pitch). Desse verkemidla hjelper oss til å framheve dei viktigaste orda i ei setning.

Tempo. Det som er mindre viktig, les vi gjerne fortare. Vi kan derimot seinke tempoet når vi kjem til noko viktig. I ei melding, ein intro eller eit mellomstikk er det lurt å variere tempoet.

Pausar. Vi kan ta ein pause før eit viktig ord for å auke spenning og forventning, slik at lyttarane legg merke til ordet når det kjem. Vi kan ta ein pause etter eit viktig ord for å late innhaldet søkke inn.

Frasering. Vi kan framheve viktige ord eller frasar (del av ei setning) ved å ta ein pause mellom dei.

Setningsmelodi. Vi bør fortelje flytande fram til den naturlege meiningsstoppen i ei setning, ikkje stakkato. Vi bør berre leggje trykket på dei orda som både er viktige og driv "forteljinga" framover.

Klang. Den gode kringkastarrøysta er klangfull og held klangen til siste ord er sagt. Vi bør halde eit naturleg stemmeleie og unngå å hive etter pusten, presse røysta, knirke eller kome for høgt i stemmeleie. Det siste er viktig å passe på, særleg for kvinner. Gå inn på Bullskulen på nettet for å få tips om oppvarmingsøvingar for å få klangfull stemme.

Tonehøgd (pitch). Vi kan streke under eit ord eller ein frase ved å heve eller senke tonehøgda. Slik betonar vi mykje daglegtale, men når vi les frå manuskript, kan dette vere vanskeleg.

På den eine sida (går opp), *på den andre sida* (går ned).

3.4

Journalisten si fremste oppgåve er å informere sakleg og nøytralt. Med "ordval" meiner vi at medarbeidaren skal vere varsam med å bruke ladde og tilslørande ord eller manipulerande argumentasjonsgrep. Det kan gi journalistikken slagside og kan bidra til å "lukke" intervjuobjektet.

Spør ikkje:
Kva tykkjer du om helseføretaket sitt dramatiske kuttvedtak?
Spør heller:
Kva tykkjer du om vedtaket til helseføretaket?

Med "språkbilete" meiner vi at journalisten skal forsøke å vere nyskapande i språket og arbeide fram friske språkbilete. Sjå opp for klisjear, moteord og standardfrasar. Slik trøyttar lyttaren og lesaren unødig.

3.6

Kroppsspråket i studio kan ofte "høyrast" gjennom radioapparata. Avslappa musklar gir god røyst. Kroppshaldninga er difor viktig. Øving: Les ein bulleteng i ulike stillingar, først avslappa oppreist, så framoverbøyg, og deretter tilbakelent. Gjer opptak. Høyrer du skilnad?

3.7

Kvar fjernsynsstasjon, radiokanal, nettstad eller sjanger har sin stil og tone som skapar identitet. Stil og tone skal vere tilpassa målgruppa. Målet er ikkje å herme etter andre, men å utvikle eigne sterke sider.

Døme: Stilen og tonen i ei nyhetsstemme i ein kommersiell radiokanal versus ein allmennkringkastingskanal, som BBC, kan vi dele inn slik:

| Kommersiell radio | BBC |
|------------------------|----------------------------------|
| Energisk, det skjer no | Jodå, det skjer no, men hald roa |
| Hot | Cool |
| Ungdommeleg | Vaksen |
| Sprudlande | Gjennomtenkt |
| Entusiastisk, opphissa | Spent, interessert |
| Høgt tempo | Moderat tempo |

3.8

Personleg og naturleg språk. Den gode radio- og tv-røysta skal tvinge lyttarane til å lytte, samstundes som dei skal kunne skimte personlegdomen bak røysta. Mange mister den instinktivt naturlege måten å snakke på når dei kjem inn i eit studio.

SLIK KAN REDAKTØREN FÅ SPRÅKHJELP

Ressurspersonar

Språkkonsulentar

Språkkonsulentane er knytte til NRK i 20-prosentstilling og skal gi råd og rettleiing i språkspørsmål til redaktørene, medarbeidarane og språkutvalet.

Ruth Vatvedt Fjeld (bokmål)
Adresse: Universitetet i Oslo, postboks 1001 Blindern, 0315 Oslo
Telefon: 22 85 43 85 (arbeid) eller 905 64 594 (mobil)
E-post: ruth.vatvedt.fjeld@nrk.no

Jon Peder Vestad (nynorsk)
Adresse: Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda
Telefon: 70 07 50 75 (arbeid) eller 924 08 788 (mobil)
E-post: jon.peder.vestad@nrk.no

Else Turi (nordsamisk)
Adresse: Mari Boine geaidnu 12, 9730 Kárážjohka
Telefon: 78 46 92 39 (arbeid)
E-post: else.turi@nrk.no

Språkutvalet i NRK

Mandat: Språkutvalet skal vere ein pådrivar i arbeidet med å utvikle NRK-medarbeidarane sitt språklege medvit for å oppnå best mogleg språkføring i alle media. Språkutvalet rapporterer til kringkastingssjefen.

Medlemmer i 2010: Brynjulf Handgaard (leiar), Reidun Martol (representant for Kringkasting), Per Olav Reinton (bokmålsrepresentant for Marienlystdivisjonen), Eivind Molde (nynorskrepresentant for Marienlystdivisjonen), Eva Laukøy (bokmålsrepresentant for Distriktsdivisjonen) og Noralv Pedersen (nynorskrepresentant for Distriktsdivisjonen). Liv Baggeråns er sekretær. Språkkonsulentane møter i utvalet ved behov.

Språkkontaktar

Kvar redaksjon skal ha ein språkkontakt. Redaktøren vel sjølv sin språkkontakt. Språkkontakten er rådgivar for redaktøren i arbeidet med å handheve språkreglane. Språkkontakten vert utnemnd for tre år, med høve til forlenging i ytterlegare tre år. Språkkontakten skal få sett av minst ein dag i månaden til språkfagleg arbeid.

Oppgåver:

- Hjelpe redaktøren med å gjere språkreglane kjende i redaksjonen
- Arbeide for å få språkmål inn i handlingsplanen
- Stimulere til språkdebatt i redaksjonen
- Lyfte fram døme på godt språk i redaksjonen
- Vere lokal språkressurs som leiarar og medarbeidarar kan spørje om råd og hjelp

Språkkontakten kan til dømes:

- Gi individuell oppfølging, råd og rettleiing til kollegaer
- Lage nyordtavler og klisjélistar i redaksjonen
- Hengje opp språkdrypp på toaletta
- Skrive språkbrev til redaksjonen
- Sende ut språkquiz på e-post ein gong i månaden. Samanlagtvinnar ved slutten av året kan få ein premie.

Oppslagsverk på nett

Sentrale ordlistar og oppslagsverk på nett, som Bokmålsordboka og Nynorskordboka, skal vere lett tilgjengelege for medarbeidarane og kan til dømes ligge på startsida i redaksjonen. Nye medarbeidarar skal få opplæring i å bruke sentrale oppslagsverk på lik linje med ENPS, Degas, Polopoly og andre redaksjonelle hjelpemiddel.

Rettskriving

Bokmålsordboka og Nynorskordboka
<http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html>

Nynorskordlista (Samlaget)
<http://nynorskordlista.no>

Korleis søkjer du?

Lær deg å **trunkere**, det vil seie å erstatte byrjinga eller slutten av ord/søkjestrang med eit spesialteikn som står for eitt eller fleire vilkårlege teikn. Erstatt teikn/bokstavar som du er usikker på, med "%". Døme: Skriv "bok%" og du får opp alt som startar med "bok" (maksimalt 30 av tilslaga).

Norske språklege oppslagsverk

Juridisk ordliste (bokmål) <http://www.domstol.no/no/juridisk-ordliste/>

Juridisk ordliste (nynorsk) <http://www2.hivolda.no/jpv/juridisk.htm>

Ordbok for innvandrarar <http://decentius.hit.uib.no/lexin.html>

Norsk-vietnamesisk ordbok <http://gandalf.uib.no/nor-viet-ordbok/>

Namnestatistikk <http://www.ssb.no/emner/00/navn/>

Norsk-samisk orddatabank <http://www.risten.no/exist/risten/index.html>

Norsk teiknordbok <http://www.tegnordbok.no/>

Stadnamn <http://ngis2.statkart.no/norgesglasset/default.html>

Historiske namn http://sprakrad.no/Sprakhjelp/Rettskriving_Ordboeker/Historiske_navn/

Døme: Queen Elizabeth vert dronning Elisabet på norsk.

NB! Denne regelen gjeld berre historiske, altså døde, personar. Den nolevande dronning Elizabeth heter Elizabeth også på norsk.

Geografiske namn http://sprakrad.no/Sprakhjelp/Rettskriving_Ordboeker/Geografiske_namn/

Døme: Göteborg vert skrive med tødlar, og det heiter Mellom-Amerika, ikkje Sentral-Amerika.

Skandinaviske ordbøker

Nordisk ordbok http://ordbok.nada.kth.se:8070/ordbog_module/

Danske ordbøker <http://ordnet.dk/ods/> <http://www.dsn.dk/?cgi-bin/ordbog/ronet>

Svensk ordbok <http://www.saob.se/>

Andre språk

Ordnnett. Nettsida gir tilgang til tretti ulike ordbøker på sju språk.

<http://www.ordnett.no/ordbok.html>

Ordbøker for 300 språk <http://www.yourdictionary.com/languages.html>

Online Etymology Dictionary <http://www.etymonline.com/>

Nyttige nettsider

Språktorget

NRK sine interne språksider inneholder språkreglar, nyhende, debattside og oversyn over personar som kan gi deg språkhjelpe.

http://160.67.134.21/category.php?category_id=101

Bullskulen på nett

E-læringsverktøy i NRK for å rettleie bulletengavvitarane. Nettsida inneholder gode språkråd.

<http://evaluering.felles.ds.nrk.no/bullskolen/>

Nettskulen

E-læringsverktøy i NRK for å rettleie nettmedarbeidarane. Nettsida inneholder gode språkråd.

<http://nettinxr.felles.ds.nrk.no/>

Språkrådet

Nettsida inneholder eit rikhaldig oversyn over ordlistar og gir råd om rettskriving og språkbruk. Her finst mellom anna alfabetiske listar med namn på statar, innbyggjarar, språk, statsorgan og norske kongelege. Sida foreslår avløysarord (som *minnepinne* i staden for *USB-stick*), skriv om sensitive ord (jf. Svartelista til NRK Østlandssendingen) og forklarer ord vi har lett for å rote med fordi dei er så like (*etter som - ettersom*).

<http://sprakradet.no/>

Språkteigen

NRK sitt språkprogram på radio har ei internetside med lenker til radioprogramma og artiklar om språk.

<http://www.nrk.no/programmer/sider/sprakteigen/>

Språkspalta i Aftenposten

Tidlegare redaktør Per Egil Hegge svarar på spørsmål om det norske språket og drøftar ulike problem ved journalistspråket.

<http://www.aftenposten.no/ekspertene/spraak/>

Klarspråk

Nettsida til "Klarspråk i staten" gir nyttige råd for eit enklare språk. Sida har til dømes ei utførelgs liste over såkalla *kanselliord*, stive ord og uttrykk som førekjem ofte i brev og tekstar i det offentlege (forehavende kan erstattast med *gjeremål*, *handling* eller *oppgåve*). Lista er ei god hjelpe for å unngå tungt byråkratspråk.

<http://www.sprakrad.no/Klarsprak/>

SLIK KAN REDAKTØREN ORGANISERE SPRÅKARBEIDET

Språkreglar

Redaktøren skal sjå til at alle medarbeidarar vert gjort kjende med språkreglane i NRK. Språkreglane kan vere tema på morgonmøte, tilsetjingsmøte eller allmøte for redaksjonen.

Språkpolitikk

Språkreglane gjeld alle i NRK, men redaktøren skal presisere korleis reglane - i dei tilfella der det vert opna for skjønn - skal praktiserast i redaksjonen. Redaktøren ser til at denne språkpolitikken er tydeleg formidla til alle medarbeidarane og spesielt til dei som har det journalistiske ansvaret i det daglege, som vaktsjefar og prosjektleiarar.

Språkkontakt

Redaktøren skal sjå til at han har ein språkkontakt i redaksjonen. Redaktøren skal leggje til rette for at språkkontakten i samarbeid med redaktøren skal kunne drive språkarbeid i redaksjonen.

Evaluering

Redaktøren kan lage ein god og positiv kultur for å evaluere språket i redaksjonen, på lik linje med evaluering av anna redaksjonelt innhald.

Korleis kan dette gjerast?

- Redaksjonen bør kjenne til utgangspunktet: språkreglane i NRK og lokal språkplakat.
- Evaluer éin ting om gongen.
- Ver konkret og vis med døme, også gode døme.
- Ver positiv og legg vekt på potensial, kva som kan vere eit alternativ, kva som kan verte betre.
- Andre enn redaktøren kan også evaluere.

Ordbøker og oppslagsverk

Redaktøren bør sørge for at sentrale ordbøker og oppslagsverk finst i redaksjonen, og at medarbeidarane kjenner til desse. I denne handboka finn du ei liste over kva ordbøker og oppslagsverk som bør finnast i redaksjonen.

Faste språkmøte

Språk bør regelmessig vere tema på leiarmøte, vaktsjefmøte og morgonmøte (sjå "Evaluering").

Rekruttering

Språk bør vere tema når redaktøren rekrutterer og lærer opp nye medarbeidarar. Redaktøren kan vurdere å bruke språktestar ved nytilsetjingar.

NI TING REDAKTØREN KAN GJERE

Som ei hjel til å handheve språkreglane følgjer ni konkrete døme på korleis redaktøren kan drive språkarbeid i redaksjonen. Døme er enkle, praktisk gjennomførlege og krev lite ressursar.

1. Språk på handlingsplanen

Som ein del av arbeidet med den årlege handlingsplanen lagar redaktøren - gjerne i samarbeid med redaksjonen - mål og tiltak for betre språk i redaksjonen.

Døme frå NRK Sogn og Fjordane:

Fokus på språk: Vi skal lage betre rutinar for korrektur, meir deskning av sakene, fokus på språk kvar dag på redaksjonsmøtet.

2. Språkplakat

Kvar redaksjon bør lage sin eigen språkplakat. Plakaten kan innehalde fem punkt for eit godt språk. Arbeidet med språkplakaten er like viktig som plakaten i seg sjølv.

Forslag til framgangsmåte:

1. Redaktøren/språkkontakten kallar alle i redaksjonen inn til kveldsmøte.
2. Redaktøren/språkkontakten deler medarbeidarane inn i grupper. Oppgåve: Finn fem punkt for eit godt språk i redaksjonen.
3. Redaktøren/språkkontakten samlar inn innspel, som vert sorterte i plenum.
4. Redaktøren/språkkontakten og medarbeidarane vert i fellesskap samde om ordlyden på språkplakaten, som vert trykt opp, ramma inn og hengd opp godt synleg i redaksjonen.

Døme frå NRK Hedmark og Oppland:

1. I NRK Hedmark og Oppland skal vi følgje språkreglane i NRK.
2. Talemalet er alltid utgangspunkt for språket både i nyheitene og i sendingane elles. Når ein medarbeidar brukar offisielt bokmål eller nynorsk i nyheitene, skal han/ho velje former som ligg tett opp til talemalet.
3. I NRK Hedmark og Oppland kan ein etter godkjening av redaktøren bruke dialekt i alle sendingar, også i nyheitsbulletengen. Men då må journalisten følgje dei retningslinjene som er felte ned i språkreglane.
4. Også i nyhetsreportasjar er det tillate å bruke dialekt, men etter same retningslinjene som i punkt 3.
5. I sendingane våre i radio og i Østnytt skal det som hovudregel vere ein austnorsk profil på språket, slik at hovuddelen av publikummet kan identifisere seg med det. Redaktøren har eit ansvar for å sørge for at ulike distrik i regionen blir representerte blant programleiarane våre.
6. I dei skriftlege media våre, som Internett og tekst-tv, gjeld offisielt bokmål eller nynorsk. I NRK Hedmark og Oppland brukar vi bokmål, ikkje riksmaal.
7. Alt som vert lagra i ENPS, skal lagrast på offisielt bokmål eller nynorsk, slik at det er lett å bruke opp att for andre. Hugs at det ofte skal kopierast over til nett eller tekst-tv.

3. Tilsyn med dialektbruk

Redaktøren kan innføre eit møte i månaden, der dialektbruken til medarbeidarane er tema. Deltakarar på møtet kan vere redaktøren, språkkontakten, vaksjefar/prosjektleiarar og eksterne dialektekspertar.

Språkkontakten kan førebu møtet, til dømes klippe ut lydsnuttar av dialektbruken til utvalde medarbeidarar.

Redaktøren, språkkontakten og vaksjefar/prosjektleiarar tek utgangspunkt i språkreglane og vurderer om dialektbruken er tydeleg (2.1), konsekvent (2.2) og forståeleg (2.3). Lokale oppslagsverk og ekspertar kan også vere til hjelp.

Døme:

Skal ein programleiari i indre Sogn få lov til å bruke dialektorda *seukjan* (*sytten*), *akjan* (*atten*) og *nikjan* (*nitten*) i NRK Sogn og Fjordane si lokale ettermiddagssending når redaktøren får klager frå folk i ytre Nordfjord som ikkje forstår kva programleiaren seier?

Vurdering:

Språkregel 1.3 ("I distriktsendingane bør lokale talemål få godt rom") talar for at programleiaren skal få lov.

Språkregel 1.4 ("Person- og stadmenn, tal og teikn skal skrivast og uttalast i samsvar med reglar og råd som er godkjende av Språkrådet") talar for at programleiaren ikkje skal få lov. Det gjer òg retningslinje 2.3 ("Det bør ikkje brukast ord eller uttrykk som er lite kjende eller uforståelege for målgruppa").

4. Korrekturrutine på Internett

Forslag til rutine for korrektur og språkvask på Internett:

1. Nettreporteren skriv ut artikkelen før han publiserer.
2. Ein kollega les korrektur/språkvask.
3. Nettreporteren rettar opp.
4. Nettreporteren publiserer artikkelen.

Dersom det hastar med å publisere artikkelen, kan nettreporteren legge han ut samstundes som ein kollega les korrektur, og så rettar nettreporteren opp språkfeil raskt i etterkant.

Er nettreporteren åleine på desken, skal han skrive ut artikkelen og lese grundig gjennom på papir, før han publiserer.

To råd for godt språk på Internett:

- Bruk ordboka. Dei mest språksikre journalistane er også dei som brukar ordboka og andre språkhandbøker hyppigast.
- I påvente av retteprogram i Polopoly; kopier nettartikkelen inn i eit word-dokument med stavekontroll før du publiserer. Obs! Stavekontrollen fangar ikkje opp alt.

5. Månadleg satsingsområde

Redaksjonen arbeider med eitt språkleg tema i ein heil månad. Slike tema kan til dømes vere kjeldespråk, passive setningar og substantivsykja.

Forslag til framgangsmåte:

1. Presentasjon av det månadlege satsingsområdet. Redaktøren/språkkontakten held innlegg (5 minutt) på eit morgonmøte (veke 1).
 2. Det gode dømet. Ein røynd medarbeidar viser korleis han eller ho gjer det i praksis (10-15 minutt) på eit morgonmøte (veke 2).
 3. Gruppearbeid ved språkkontakten (veke 3 eller 4)
- Døme på månadleg satsingsområde: Kjeldespråk
1. Tema for presentasjon (veke 1): For mange i redaksjonen brukar formuleringane til kjeldene: *kompetanse, økonomisk ramme, framstille den promilleminstenkete for lege osv.* Kringkastingssjefen seier at kampen mot kjeldespråket er eit hovudmål for språkarbeidet i NRK.
 2. Det gode dømet (veke 2): Ein røynd reporter viser korleis han skriv kommentaren sin i reportasjar i eit folkeleg språk - og med eigne ord.
 3. Gruppearbeid (veke 3/4): Språkkontakten lagar eit timesopplegg som går fire-fem gonger gjennom ein dag, slik at medarbeidarar i turnus også skal få høve til å delta. Redaktøren plukkar ut dei medarbeidarane som skal vere med på gruppearbeidet.

6. Språkmøte i redaksjonen

Redaktøren kan gi språkkontakten ansvaret for å arrangere eit fast språkmøte i redaksjonen. Dette kan til dømes leggjast til morgonmøtet. Tema kan vere bruk av ordbøker på nettet, språkreglane, samsvarsbøyning, kommareglar osv. Bruk gjerne døme frå eigne sendingar/nettsider. Av og til kan ein invitere gjester som innleier om eit tema.

7. Språkkontaktmøte

Redaktøren kan innføre eit møte med språkkontakten kvar månad. Eit slikt fast møte kan vere ei hjelpe i arbeidet med å følgje opp språkmålet i handlingsplanen. Redaktøren og språkkontakten drøftar utfordringar i språkarbeidet og bestemmer tiltak for å betre språket i redaksjonen.

8. Mentor

Redaktøren eller språkkontakten kan lage til ei frivillig ordning i redaksjonen der røynde språkbrukarar kan rettleie kollegaer.

9. Foredrag

Redaktøren kan skipe til språkkveld ein eller to gonger i året med inspirerande foredragshaldarar.

TI RÅD FOR Å UNNGÅ KJELDESPRÅK

Kringkastingssjef Hans-Tore Bjerkas meiner byråkratisering av språket er ein hovudgrunn til at språkrøkt i NRK er viktigare no enn nokon gong før (sjå føreordet). Her følgjer ti råd for å unngå dette kjeldespråket:

1. Bruk dine eigne ord

Ver kritisk til kjeldene sine ord og formuleringar.

Skriv ikkje: *Dei låge aluminiumsprisane er utfordrande for økonomien i Hydro.*

Skriv heller: *Hydro tapar mykje pengar på dei låge aluminiumsprisane.*

2. Ver kritisk til pressemeldinga

Det er ei dødssynd å skrive av pressemeldingar og byråstoff ukritisk.

Skriv ikkje: *Innovasjon Norge aukar fokuset på samfunnsansvar i dialogen med kundane sine og startar eit pilotprosjekt innan samfunnsansvar til hausten.*

Skriv heller: *Innovasjon Norge vil at norske verksemder skal ta større samfunnsansvar, og tilbyr dei hjelp til hausten.*

3. Unngå vanskelege ord

Forstår du ikkje sjølv kva du les/skriv, forstår ikke lyttaren/lesaren det heller. Må du bruke eit vanskeleg ord, eit fagord eller eit framord, skal du forklare det.

Skriv ikkje: *Ein språkprofessor må kunne utvise skriftleg kompetanse.*

Skriv heller: *Ein språkprofessor må kunne skrive godt.*

4. Bruk aktive setningar

Bruk aktive setningar med tydelege aktørar. Kjeldene kan ha interesse av å skoddeleggje kven som har gjort kva, og ein måte å gjøre det på er å bruke passive setningar.

Skriv ikkje: *Det vert stadfesta av sjefen at det er vorte gjort feilvurderingar i verksemda.*

Skriv heller: *Sjefen i verksemda stadfestar at dei har gjort feil.*

NB! Av og til kan passiv vere formålstenleg, til dømes dersom journalisten vil rette merksemda mot ein annan enn subjektet.

Merk skilnaden: *Politiet slo ned opptøyane versus Demonstrantane vart slegne ned av politiet.*

5. Unngå klisjar og moteord

Kjeldene sine standardfrasar trøytta lyttaren/lesaren. Døme: Fokus, i forhold til, kompetansearbeidsplassar, konsept, prosjekt, søkjelys, innfallsvinkel.

NB! Desse utslitne uttrykka kjem ikkje alltid frå kjeldene, men derimot frå NRK-medarbeidarane sjølve.

Skriv ikkje: *Ein grafisk formgivar må ha fokus på kreative innfallsvinklar.*

Skriv heller: *Ein grafisk formgivar må vere kreativ.*

6. Ver konkret

Kall ein spade for ein spade, ikkje ein gravereiskap. Ikkje lat ein statsråd kome unna med at han skal ha "ein full gjennomgang" av saka. Kva betyr "full gjennomgang"? Betyr det å sende ut ein e-post, kalle inn til eit møte, eller be Riksrevisjonen granske?

Skriv ikkje: *Sjukehusdirektøren skal snu alle steinar etter operasjonsskandalen.*

Skriv heller: *Sjukehusdirektøren ber Helsetilsynet granske operasjonsskandalen.*

7. Lat ikkje språket gå på tomgang

Mange kjelder lèt språket gå på tomgang, til dømes for å vinne tid til å finne svar på eit spørsmål. Døme: når det gjeld, når det kjem til, det forholdet at, på bakgrunn av at, med tanke på.

Skriv ikkje: *Når det gjeld midtstopparar, er det slik at dei ikkje bør lage straffespark.*

Skriv heller: *Midtstopparar bør ikkje lage straffespark.*

8. Vert ikkje smitta av substantivsykja

Mange direktørar og byråkratar er smitta av den såkalla substantivsykja, som inneber at vi erstattar verb med substantiv. Skriv om med aktive verb og tydelege aktørar.

Skriv ikkje: *Ein rådmann må kunne utføre sakhandsaming med stor presisjon.*

Skriv heller: *Ein rådmann må kunne handsame saker grundig.*

9. Sei éin ting om gongen

Mange kjelder brukar mange innskot og atterhald. Journalisten sin jobb er å setje punktum. Ei lesarvenleg setning har sjeldan meir enn 25 ord.

Skriv ikkje: *Journalistar - kanskje eg tek feil no, men eg vel likevel å påstå dette - må kunne skrive godt innan ei rekje ulike sjangrar som dei forhåpentlegvis har lært under utdanninga si ved anten høgskule, universitet eller rett og slett lokalavispraksis, som jo mange har rikeleg av.*
Skriv heller: *Journalistar må kunne skrive godt.*

10. Tenk munnleg

Bruk øyrekontrollen og les teksten høgt for deg sjølv. Du kan òg tenkje deg at lyttaren/lesaren er ein ven som sit eit par meter frå deg i same rom. Korleis ville du då ha fortalt innhaldet på ein enkel måte?

KOMMAREGLAR

Feil bruk av komma er utbreidd på nettsidene til NRK, viser ei gransking som språkkonsulentane gjorde i 2009. Hugs at vi set komma for at det skal verte lettare å lese, ikkje for at det skal verte vanskelegare å skrive. Feil bruk av komma kan dessutan endre meiningsinnhaldet i ei setning. Merk skilnaden: *Eit lite fint hus* versus *Eit lite, fint hus*.

Her følgjer sju enkle reglar for rett bruk av komma:

1. Komma mellom setningar som er bundne saman med og, eller, for og men

Merk: alltid teikn før men, anten komma eller punktum

Else forstod ingenting, men Eva lo hjarteleg.

Petter skifta jobb for tredje gong på to år, og Aud følgde opp med si andre skilsmisse på to år.

2. Komma etter leddsetning som står fyrt i ei heilsetning

Då Else kom, hadde dei andre allereie ete.

3. Komma etter innskoten leddsetning

Boka som låg på bordet, var mi.

4. Komma også før innskoten leddsetning som ikkje er naudsynt i heilsetninga

Direktøren, som hadde vore ute på rangel, møtte ikkje opp.

5. Komma før og etter forklarande tillegg

Harare, hovudstaden i Zimbabwe, heitte før Salisbury.

6. Komma før og etter tiltaleord, svarord og utropsord

Ole, kan du kome hit?

Kom hit med deg, din gauk!

Ja, det forstår eg godt.

Oi, så store borna dine er vortne!

7. Komma mellom ledd i opprekning dersom det ikkje står nokon konjunksjon

Berit, Else, Gerd og Marit

DESSE OPPSLAGSVERKA BØR FINNAST I REDAKSJONEN

Redaktøren bør sørge for at minimum desse ordbøkene og oppslagsverka ligg i redaksjonen:

Nynorskordboka

Samlaget 2006.

Bokmålsordboka

Kunnskapsforlaget 2005.

Skrivereglar

Finn-Erik Vinje. Aschehoug 2009.

Boka gir eit relativt kortfatta oversyn over skrivereglar, som teiknsetjing, forkortinger, stor og liten førebokstav etc.

Med andre ord. Den store synonymordboka med omsetjingar til nynorsk

Magne Rommetveit. Samlaget 2007.

Ordboka inneholder over 19 000 oppslagsord med forklaringar og over 200 000 synonym.

Norsk stadnamnleksikon

Samlaget 1997.

Boka forklarer tyding, opphav og bruksområde og gjer greie for uttalen av 6000 stadnamn.

Boka finst per 2010 ikkje i eigen versjon på Internett.

NPK-språket. Ordliste og språkråd

Kunnskapsforlaget 2010.

Boka inneholder ei ordliste med over 30 000 oppslagsord og ein regeldel med gode råd om rettskriving og språkbruk.

